

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Steinulf Skjerdal
Arkivsaksnr.: 13/2245

Arkiv: S11

Søknad om løyve til bygging av Kjerringnes Kraft

Rådmannen si tilråding:

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Luster kommune syner til saksutgreiinga med vurdering og tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Kjerringnes Kraftverk med tilhøyrande elektriske anlegg.

Av omsyn til landskapsbiletet og biologisk mangfald bør det setjast som vilkår for konsesjon slepping av minstevassføring lik 5-persentilen sommar for perioden 1/5 – 30/9 og 5-persentilen vinter for perioden 1/10 – 30/4.

Det må setjast krav til støydempende tiltak ved val av byggjematerialar og isolasjon av kraftstasjonen. Avlaupet må utførast med vasslås.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: 1. Oversendingsbrev frå NVE datert 21.08.2013
2. Oversiktskart

Uprenta vedlegg: [Søknad om konsesjon](#)

Samandrag:

Kjerringnes Kraft (SUS) har søkt NVE om løyve etter vassressurslova § 8 til å byggja Kjerringnes Kraftverk og etter energilova om løyve for elektriske anlegg i kraftverket og høgspent overføringsanlegg for samankopling med eksisterande 22 kV linje.

Kommunedelplanen for små kraftverk i Luster plasserer vassdraget i «gul konfliktsone». Dette betyr at det i området finst sterke interesser som må takast omsyn til ved bygging av kraftverk.

Ei utbygging som omsøkt vil redusera inngrepsfrie naturområde totalt med 1,8 km². Totalkonsekvensen av dette vert rekna til «middels negativ» (--). Dersom omsøkt fall skal byggjast ut, finst det ikkje avbøtande tiltak for dette.

For biologisk mangfald og landskap er det vurdert at ei utbygging vil gje svak negativ konsekvens (-). Søkjaren føresler ei minstevassføring lik 5-persentilen her, noko rådmannen meiner er forsvarleg.

Ei utbygging vil generera ikkje ubetydelege skatteinntekter som vil koma samfunnet til gode. I sum meiner rådmannen at føremunene med ei utbygging vil vera større enn ulempene og vil tilrå konsesjon som omsøkt.

Utval som har vedtaksmynde:

Kommunestyret

Fakta:

Kjerringnes Kraft (SUS) har søkt NVE om løyve etter vassressurslova § 8 til å byggja Kjerringnes Kraftverk og etter energilova om løyve for elektriske anlegg i kraftverket og høgspent overføringsanlegg for samankopling med planlagd 66 kV-linje på austsida av Veitastrondsvatnet.

Søknaden har lege ute på høyring på servicetorget i rådhuset med frist for fråsegn 06.10.2013. For Luster kommune er fristen sett til etter kommunestyremøtet den 07.11.2013.

Etter høyringsfristen får søkjar høve til å kommentera innkomne fråsegner. NVE står fritt til å vurdere om det skal gjevast konsesjon, og kva vilkår som i såfall skal knytast til denne. Vilkåra kan omfatta reglar om byggjefristar, vasslepping, godkjenning av planar m.o.t. miljø og tryggleik, tersklar, erosjon, naturforvaltning, forureining, fornminne, samt kva sanksjonar som skal iverksetjast ved ev. brot på fastsette vilkår.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker etter at melding om vedtaket er motteke.

Føremålet med høyringa er å få synspunkt på dei framlagde planane. NVE ønskjer synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller avgrensingar i planane, samt forslag til avbøtande tiltak som kan redusera ev. skader ved gjennomføring.

Sweco Norge AS, avd. Trondheim har stått for den tekniske- og økonomiske delen av søknaden, Rådgivende biologer for miljødelen. Ut over dette er området omtala i miljørapport frå Aurland Naturverkstad DA av 2006 i samband med utarbeiding av kommunedelplanen for små kraftverk i Luster.

Hovuddata for kraftverket

DATA FOR TILSIG	
Nedbørfelt	4,7 km ²
Middelvassføring	1,0 m ³ /s
Alminneleg lågvassføring	0,1 m ³ /s
5-persentil sommar (1/5-30/9)	0,31 m ³ /s
5-persentil vinter (1/10-30/4)	0,06 m ³ /s
DATA FOR KRAFTVERKET	
Inntak på kote	681
Avlaup på kote	174
Lengde på råka elvestrekning	1,5 km
Midlare energiekvivalent	1,174 kWh/m ³
Slukeevne max.	2,3 m ³ /s
Slukeevne min.	0,12 m ³ /s
Tillaupsrøyr, lengde	1 490 m
Tillaupsrøyr, diameter	500 mm
Installert effekt, max.	3,1 MW
Brukstid	3 200 t
Planlagt minstevassføring sommar	0,31 m ³ /s
Planlagt minstevassføring vinter	0,06 m ³ /s
Sjakt/tillaupsrøyr diameter	1 400/1 200 mm
Tunnel, tverrsnitt	12 m ²
Sjakt/tunnel/røyr i tunnel, lengde	600/280/480 m
Installert effekt, maks	9,9 MW
DATA FOR PRODUKSJON	
Produksjon, vinter (1/10 – 30/4)	9,1 GWh
Produksjon, sommar (1/5 – 30/9)	16,8 GWh
Produksjon, årleg middel	25,8 GWh
DATA FOR ØKONOMI	
Utbyggingskostnad	93,0 mill. kr
Utbyggingspris	3,60 kr/kWh

Sjølve planen

Inntaket er planlagt med inntaksdam i betong med høgde 1,0 m og damkrune på 16 m lengde. Areal som vert neddemt er rekna til omlag 300 m² og damvolumet til 600 m³.

Vassvegen er planlagt å gå i fjell på nordsida av Kjerringneselva. Første 600 m rekna frå inntaket skal det borast fullprofil sjakt med diameter 1,4 m. Resten av strekninga på 760 m skal vera tunnel med tverrsnitt 12 m², siste 480 m av tunnelstrekninga med innlagt røyr med diameter 1,2 m. Utstyr til boring vil bli transportert opp i området med helikopter, tunneldrivinga vil skje frå kraftstasjonsområdet nede ved vatnet.

Tomta for kraftstasjonen, om lag 300 m², vil bli utsprengd i fjell. Sjølve stasjonsbygningen er planlagd med ei grunnflate på om lag 100 m². I kraftstasjonen skal det monterast ein Pelton-turbin med effekt på om lag 9,9 MW. Maksimal slukeevne 2,3 m³/s og minste slukeevne 0,12 m³/s.

Det er planlagt å sleppa ei minstevassføring lik 5-persentilen sommar og vinter, dvs. 310 l/s i perioden 1/5 – 30/9 og 60 l/s i perioden 1/10 – 30/4.

Kraftverket skal koplast til planlagd 66 kV-linje på austsida av Veitastrondsvatnet gjennom ein 1,4 km lang sjøkabel over vatnet og 160 m jordkabel drifrå til tilknytningspunktet.

Eigedomstilhøve

Søkjaren representerer den eine av to grunneigedomar i området og disponerer 63,9% av fallrettane. Det pågår for tida prosess i jordskifteretten for å innlemma den andre grunneigaren i prosjektet og oppnå ei bruksordning.

Tilhøve til overordna planar

I arealdelen til kommuneplanen er prosjektområdet definert som LNF-område.

I kommunedelplanen for små kraftverk, som skal vera retningsgjevande for kommunen si handsaming av utbyggingsprosjekt, er vassdraget plassert i "gul konfliktsone". I dette ligg det at området har nokre sterke interesser som det må takast omsyn til, og at utbygging av kraftverk i slike område må ta omsyn til dei ålmenne interessene og planleggjast med avbøtande tiltak.

Det aktuelle prosjektet ligg under grensa som krev handsaming etter Samla plan for vassdrag. Tiltaket berører heller ikkje område som inngår i verneplan for vassdrag.

Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

Vasstemperaturen i elva mellom inntak og avlaup vil kunna bli noko høgare i periodar med høg temperatur og noko lågare i periodar med låg temperatur. Temperaturendringa vil bli marginal og lokalklimaet vil ikkje bli nemnande påverka.

Konsekvens «ubetydeleg negativ (0)».

Raudlisteartar:

Det er ikkje funne raudlisteartar i området og tiltaket har ingen verknad på dette temaet (0).

Terrestrisk miljø:

Naturtypen fossesprøytsone er registrert ved kote 560. Endra vassføring i elva kan koma til å påverka artar som er direkte knytt til vassføring og råme frå elva permanent. Konsekvens «liten negativ» (-).

Inngrepsfrie naturområde:

Tiltaket medfører endring i INON-soner med reduksjon av villmarksprega område (>5 km frå tyngre tekniske inngrep) med 1,0 km², reduksjon av sone 1 (3-5 km) med 2,0 km² og auke i sone 2 (1-3 km) med 1,2 km². I sum vil såleis inngrepsfrie naturområde bli redusert med 1,8 km².

Samla konsekvens av utbygginga for denne miljøkvaliteten er rekna til «middels negativ» (--).

Fisk og ferskvassbiologi:

Noko aure slepper seg ned frå Kjerringvatni og fisk kan gå opp i elva frå ca. kote 172 til kote 200. Totalkonsekvens «lite negativ» (-).

Landskap:

Mellom inntak og utlaup renn elva i fleire svingar ned mot vatnet, delvis over store sva og kløfteparti. Nokre stader dannar ho fossar, men dei er ikkje store nok til å markera seg i landskapet. Ved stor vassføring kan ho likevel vera framtrudande, særleg fossen i øvre del.

Totalkonsekvens for landskap er vurdert som «liten negativ» (-).

Samfunnsmessige verknader:

Ei utbygging vil gje noko auke i skatteinntektene til Luster kommune. Likningsverdi lik utrekna utbyggingskostnad vil gje eigedomsskatt på om lag kr 650 000 første året. Inntekt frå kraftverket vil generera skatteinntekter til kommunar der eigarane bur, Sogn og Fjordane

Fylkeskommune og staten. Prosjektet må dessutan påreknast å gje noko lokal sysselsetjing i anleggsperioden.

Det er ikkje påvist negative samfunnsverknader av prosjektet.

Vurdering:

Som det går fram av karaktersetjinga av vassdraget i kommunedelplanen, "gul konfliktsone", er det nokre sterke interesser i området som må takast omsyn til ved utbygging av kraftverk her.

For Kjerdingnes Kraftverk ligg den største negative konsekvensen av ei utbygging i reduksjonen av INON-område. Men dersom det omsøkte fallet skal utnyttast, finst det ikkje avbøtande tiltak å føreslå på det området.

For tema under biologisk mangfald og landskap er det vurdert at utbygging vil gje svak negativ konsekvens. Her har søkjaren sjølv føreslege som avbøtande tiltak slepping av minstevassføring lik 5-persentilen. Rådmannen meiner at ei minstevassføring på dette nivået er forsvarleg.

Søkjaren opplyser at det vil bli teke omsyn til støy og støydempende tiltak i samband med etablering av kraftstasjonen. Dette er positivt.

Kjerringnes Kraftverk vil generera ikkje ubetydelege skatteintekter som vil koma samfunnet til gode. I sum meiner rådmannen at føremunene med ei utbygging vil vera større enn ulempene og vil tilrå konsesjon som omsøkt.

Dato 21.10.2013

Jarle Skartun
rådmann

Steinulf Skjerdal
landbrukssjef

Særutskrift skal sendast:

NVE, Konsesjons- og tilsynsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo
(sendt som vanleg brev til postadressa ovanfor og elektronisk via
www.nve.no/konsesjonssaker og e-post til: nve@nve.no)

m/kopi til:

... [Sett inn saksutredningen over denne linja](#) ↑